

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Utval for drift og utvikling	18.06.2013	ANB	040/13

<b>Avgjerd av:</b> Utval for drift og utvikling <b>Saksbeh.:</b> Anny Bastesen	<b>Ansv.</b> BJB	<b>Arkiv:</b> GBNR-47/10, N-511	<b>Arkivsaknr</b> 13/271
---	---------------------	------------------------------------	-----------------------------

### **SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 100 - METERSBELTET TIL SJØ - OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTING AV FLYTEBRYGGE - GNR 47 BNR 10 ROSSLAND.**

#### **Dokumentliste:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	04.02.2013	Øyvind Ommedal	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTE AV FLYTEBRYGGE - GNR 47 BNR 10 -
2	U	07.02.2013	Øyvind Ommedal	SØKNAD OM DISPENSASJON. FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 47 BNR 10.
3	U	22.04.2013	Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga; Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 100 METERSBELTET TIL SJØ - OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTE AV FLYTEBRYGGE PÅ ROSSLAND, GNR 47 BNR 10. HØYRING.

Vedlegg

#### **Saksutgreiing:**

##### Saka gjeld

Øyvind Ommedal har i søknad stempla motteke 05.02.2013 søkt om tørrmur langs strandlina/ ved naust, og endring (utskifting) av eksisterande flytebrygge på gnr. 47, bnr. 10 på Rossland.

Eksisterande flytebrygge har måla 2m x 5m (10m<sup>2</sup>), ny flytebrygge vil ha måla 2,5m x 12m (30m<sup>2</sup>).

Gnr. 47, bnr. 10 er ein landbrukseigedom på om lag 51,6 da. Av dette er 1,7 da fulldyrka mark, 12,4 da overflatedyrka eller innmarksbeite, resten er skog / utmark.

### Plan og lovgrunnlag

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF), og innafor 100m beltet i strandsona, der det er eit generelt forbod mot tiltak, jfr pbl §§ 1-6 og 1-8. Saman med søknad om løyve til tiltak er det søkt om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona.

Søkjar skriv at bakgrunnen for søknaden, er at innmarksbeitet for villsau forsvinn ut i vatnet ved flo og fjøre, og at isen tærer om vinteren. Det er driveplikt på garden, og samarbeid med andre villsaubønder, m.a. bonden på Øpso ved bytte av dyr og deling av beite. Det medfører transport av sau i båt. Det vert søkt om dispensasjon for å betre forholda for drifta. Tiltaket fører ikkje til at strandsona blir meir privatisert eller mindre tilgjengeleg. Tiltaket vil elles generelt betre framkomsten for dei som ferdast eller har hytte i området.

### Nabomerknader

Naboar er varsla, ingen merknader.

### Høyringsfråsegner

Dispensasjonssøknaden har vore sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune v/Regional utvikling og Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, ved høyringsbrev datert 22.04.2013. Det er ikkje kome uttale til saka.

### **Vurdering:**

#### Dispensasjon etter plan- og bygningslova kap. 1 og § 19-2

I § 1-1 i plan- og bygningslova (pbl) heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

I pbl § 1-8 står det m.a.: *I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinje målt i horisontalplanet ved alminnelig høyyvann.*

I § 19-2 i plan- og bygningslova, *Søknad om dispensasjon*, heiter det m.a.: Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsynet bak regelen det vert søkt dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom det statlege eller regionale mynde har uttala seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Søknaden er vurdert opp mot omsynet bak føresegnene det vert søkt dispensasjon frå. Sentralt i administrasjonen si vurdering har vore:

- Nærleik til sjø og forbod mot tiltak i 100 m beltet i strandsona, pbl § 1-8
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv, m.a. naturmangfaldlova §§ 8 og 9 (føre var)
- Omsynet til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge

- Kvalitetar i landskapet

### 1. Forbod mot tiltak m.v. langs sjø og vassdrag, pbl § 1-8

Søknaden om oppsetting av tørrmur i strandsona er eit mindre tiltak som vil hindre utrasing av marka. Utsifting av flytebrygga til ei større (lengre) bryggje endrer ikkje på aktiviteten eller tilgjenge i strandsona, og fører ikkje til auka privatisering.. Arealbruken er frå før i samsvar med kommuneplanen sin arealdel (LNF-formål).

Administrasjonen vurderer at oppsetting av tørrmur ikkje vil vere negativt for landskapsbiletet, men tvert imot gje eit godt estetisk inntrykk. For flytebryggja sin del, seier dei estetiske retningslinene for Meland at det i tilknytning til enkeltnaust kan leggjast ut flytebryggjer på inntil 10m<sup>2</sup>, dvs i samsvar med eksisterande flytebryggje. I utgangspunktet er administrasjonen derfor noko skeptisk til ei større bryggje. På den andre sida er ei flytebryggje reversibel, og sett i høve til omsynet til drifta med flytting av dyr på beite via båt, vil ein kunne tilrå avvik frå dei estetiske retningslinene i dette høvet. Tilsvarande flytebryggjer er elles relativt vanleg, men då til fellesanlegg.

### 2. Naturmangfaldlova §§ 8 og 9

Det er ikkje registrert særskilte natur- og miljøkvalitetar på staden. Administrasjonen ser ikkje at tiltaket er til skade for naturmiljøet.

### Samla konklusjon

Administrasjonen finn ikkje at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lova sin formål, vert sett vesentleg til side ved å gje dispensasjon i dette høvet. Tiltaket fører ikkje til auka privatisering eller redusert tilgjenge for ålmenta. Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved at erosjonen i strandsona vert stansa, og ved at eigedomen får hensiktsmessig drift og vert teken vare på, i tråd med godkjent arealbruk. Dispensasjon vil ikkje ha konsekvensar for verdiar som strandsonevernet er meint å ta vare på.

### Vidare saksgang

I tråd med gjeldande rutinar skal Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune v/Regional utvikling ha tilsendt vedtaket for å vurdere om dei vil nytte klageretten sin dersom kommunen gjev dispensasjon.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl. kap. 20.

### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

”Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-meters beltet langs sjø og vassdrag, for oppføring av tørrmur og utlegging (skifting) av flytebrygge på gnr. 47, bnr. 10, i tråd med søknad motteke 05.02.2013.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jfr. pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.”

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

18.06.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

**UDU-040/13 SAMRØYSTES VEDTAK:**

”Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-meters beltet langs sjø og vassdrag, for oppføring av tørrmur og utlegging (skifting) av flytebrygge på gnr. 47, bnr. 10, i tråd med søknad motteke 05.02.2013.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jfr. pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.”

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

**Rett utskrift**

**Dato:**

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og  
samfunnsplanavdelinga  
Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga  
Øyvind Ommedal